

## Ver, vind og åringar i Hålogaland i gammal tid.

Av Karl Fjærvoll.

Etter den siste istida har vilkåra for å livberge seg her i landet skifta mykje frå tidfolk til tidfolk og frå år til år. Vi må vel kunne seie at vi har prov for at før landisen var smelta bort, var dei første fangstfolk, vandra inn i Nord-Noreg. For om lag 10.000 år sia var det meste av det som er jordbruksland i dag i Troms fylke, dukka opp av eit ishav. Vi var på full marsj frå istid til eit varmare og mildare verlag.

Den varmebolken som vi fekk etter istida, strekkjer seg over eit lang tidsrom. Bronsealderen, tida mellom steinalderen og jarnalderen, er rekna til å vere omlag 1000 år, frå 1500 f. K. til 500 f. K. Bøndene i bronsealderen levde i ei tid då dei truleg ikkje trong å setje opp vinterhus til buskapen. Husdyra gjekk ute både sommar og vinter. Kornet vart godt og sikkert moge kvart år, så folk hadde det bra slik. Skogen dekte landet frå kysten og opp til høgfjellet - over storparten av landet. Isbreane var tina bort. Var det is eller snø att, måtte det vere på dei aller høgste fjelltoppane i innlandet.

Men så slo veret om. Temperaturen vart lågare og nedbøren større. Snøen og isen la seg etter på fjelltoppane, fjellplatåa og i fjelddalane. Vi fekk etter eit kaldt og rått verlag og nye isbrear. Dette omskiftet kom i førstninga av den eldre jarnalderen.

Dette måtte vere ei veldig påkjennung både for veidemannen og for bonden. Buskapen skulle ha vinterfor og vinterhus, og folket måtte vel jamt over syte for betre husvær til seg sjølv og. Sjølv om dette omskiftet ikkje kom dettande på folk, kom det likevel etter måten fort, og omstillingssvanskane måtte bli umåteleg store. Ryktet om ein fimbulvinter skriv seg truleg frå dette klimaskiftet.

Litt om seint tok veret til å besne att, så vi alt i folkevandringstida og i vikingetida truleg hadde eit noko betre verlag enn no. Den store korndyrkinga som det ser ut til at vi hadde i vikingetida, då vi praktisk talt var sjølvhjelpen med det vanlege matkorn, skulle tyde på det.

I det store og heile ser det ut til at det ikkje var noko *serleg* brigde i verlaget før om lag 1550. Men frå den tida og til 1850 reknar ein med at temperaturen var lågare enn både før og seinare.

Vi kan og rekne på den måten at i tida 1550-1850 var det fleire därlege år og fleire uår enn både før og seinare.

Her er det då ikkje rekna med dei etter måten små svingningar som vi nesten normalt har i alle tidbolkar, det vi kallar gode år, därlege år og uår.

Men ser vi no på desse etter måten små svingringar overlaget, dei som skaper gode og därlege år, så er det ting som er svært viktig for jordbruksoppdraget og for plantedyrkingsoppdraget. For Noreg, og serleg Hålogaland eller Nord-Noreg, må vi vere merksam på ligg i eit grenseområde, der temperaturen er så låg at vi er heilt oppe mot dyrkingsgrensa for dei viktigaste kulturplanter som vi skal leve av.

Desse relativt små svingningane er ofte livsviktige for oss. Det har derfor ein viss interesse å finne ut frekvensen for gode og därlege år, serleg i Nord-Noreg, og gjerne så langt tilbake i tida som mogleg.

Før vi tek til med registreringa av gode og därlege år, vil eg gjerne ha sagt frå at det som eg no legg fram her, ikkje er noko fullstendig register. Det er berre ei prøveregistrering. Derfor ber eg alle som har kjennskap til gode år, därlege år og uår, når det gjeld jordbruksoppdraget, om å sende melding om dette til meg eller til Hålogyminne, og med ei støtt skildring eller ein merknad om kva det er som sermerker året, kva som gjorde at det var eit godt eller därleg år for jordbruksoppdraget.

Men då jordbruksoppdraget og fisket alltid har grepe inn i ein annan her i Nord-Noreg, er ein takksam for å få alle dei opplysningsane som det er mogleg å få tak i om gode år og uår på havet.

## ÅRINGANE.

### 960

I gammal tid var det Gudane som styrte med ver og vind. Vart det uår, så var det eit teikn på at gudane ikkje hadde noko serleg til overs for kongen, og då kunne han bli ille likt.

Slik vår det då Harald Gråfeld styrte landet. 960 var eit svært därleg år. Kornet vart ikkje moge. På Helgeland låg snøen heile sommaren så ein måtte føre buskapen inne og med ris, lauvkvistar og lyng (Brum). Ein morgon midt på sommaren kom Øyvind Skaldaspillir ut på tunet på hersegarden Tjøtta på Helgeland, og då snøa det som vinters dag. Om dette seier Alex. Bugge: «Uårene og Erikssønnernes vanstyre gav hans harme luft og han kvad et klage-Mål». «Hvori han klagede over at det sneede midt på sommeren, og at de måtte holde Kørne inde og fodre dem med Brums ligsom Finnerne», seier Munch.

Dette klagemålet har Leopol von Buch gjeve att slik:

Snýr á Snovis varo  
Avá hofom inn, sem Finnar  
Berki hind of bundit  
Brums at midio Sumri.

#### **1020.**

Det kom fleire slike uår, og ofte kom det fleire i slengen. I 1020 vart ikkje kornet moge nord for Trondheim. Det var tre slike år på rad.

Det var i denne tida at Asbjørn Selsbane reiste frå Trondarnes ved Harstad og heilt ned på Jæren for å kjøpe korn. Så avstengd som Hålogaland den gongen var, måtte tre slike uår på rad vere ei veldig påkjennin. Korleis det gjekk med folket veit vi lite om. Her vart i alle fall ikkje folketomt. Livet gjekk vidare.

#### **1212.**

Då Inge Bårdsson var konge står det i baglarsoga: «I Trøndelag var det slik dyrtid at kongen ikkje kunne få avgiftene sine av bøndene». Bøndene vart stemnde til tings på Strinda, og dei møtte frå alle fylka, men fullt vepna. Kongen møtte bøndene med hærmakt. Det vart krig og slåsting, men ingen skatt.

#### **1247.**

Av dei mange därlege åra eller uåra som er nemnde kan vi ta med 1247, det året då Håkon Håkonsson vart krynt i Bergen. Det var ein fæl regnsommar på Vestlandet og alt dette regnet skapte store vanskar for kroningsfesten og tilstellinga kring han.

#### **1315.**

Kor mange uår og gode år det elles var mellom 1020 og 1315 har ein ikkje greie på. Men i festskriftet til Halvdan Koht seier dr. Asgaut Steinnes: «Det er kjent at året 1315 i heile Nord-Europa var eit stort uår som førte hunger, farsot og dyrtid med seg, så kornprisane t.d. i England steig til urimelege høgder. Jamvel så seint som i 1317 kjendes fylgjone av uåret». Vi kan vere heilt trygge for at det var harde tider både nord og sør i landet den gongen.

#### **1326.**

Drottsettaren - drottsete - Erling Vidkunsson bad i 1326 dei geistlege om hjelp til å føre krigen mot karelane og russane i Hålogaland. Kjerkestyret rådde drottsettaren frå å skattleggje dei geistlege både av omsyn til konsekvensane og av omsyn til at det var uår i landet.  
(E.B. III. s. 90).

**1449.**

No og då dukka det opp eit godt år og. Og i 1449 vart det kronår i dobbelt meinings. Hausten 1449 vart svensken Karl Knudsson Bonde krynt til konge for Noreg i domkjerka i Nidaros. Det heiter: at over alt der Karl Knudsson for fram møtte folk opp og fagna han. Det ser ut til at folk var blitt lei av danskestyret. Alex. Bugge seier: «Det hadde vært en usaædvanlig god høst det året og stemningen i landet var kanskje av den grunn meget gunstig». Det er gjerne slik at vi hører meir om dei därlege åra enn om dei gode. Men det kan komme av at vi i grunnen har lettare for å blinke ut dei därlege åra av den grunnen at vi gamle dokument kan finne at det er teke rådgjelder for å böte på skaden eller hjelpe folk, og at folk har sett seg til motverge mot skatt og skatteflåing i därlege åringar.

**1520/21.**

Lensherre Jørgen Hansen Bergen skreiv i mai 1521 til Kristian II at den vinteren hadde det vore eit følt ver oppe i Nordland. Fisket slo feil og mange hadde mista livet på sjøen. Det var svær dyrtid, folk åt bork og mange døydde av svolt. Lensherren varslar om at skatteopp-krevjaren hans er på ferde i Nordland for å krevje inn 10 % av skatten. Men seier han: «Jeg tror han der skal fange dårlig betaling formedelst fattigdom». (AR III. 2. s. 176).

**1524-1527.**

Når det gjeld tilstanden i Hålogaland i desse åra har eg ikkje komme over noko som kan giève opplysning om korleis åringane var. Men frå Trøndelag er det meldt om uår og frostår.

Vi kan rekne med at dei store uåra i Trøndelag og elles i landet ikkje gjekk hus forbi i Hålogaland heller.

**1575.**

I meddelelser fra Det norske skogforsøksvesen nr. 41 B. XII hefte 1 er det referert frå bygdeboka for Stod i Nord-Trøndelag at «1575 rime-ligvis var en skinsommar for store deler av landet». Her må vi vere merksame på at jordene den gongen ikkje var grøfta. Kornet vart dyrka på den tørraste og skarpaste jorda som dei hadde. Vart det no tørke, lite nedbør og varmt, hadde åkrane og jorda elles lett for å sviast av - ein fekk skinsommar.

**1584.**

I «Den norske So» står det i 1584 «at mange fattige fiskere med sine små barn i mange uger ikke har brød i sit hus og må derfor, da brødet er

dyrt, bruge tør fisk som brød og tran som smør». Kva det var som var den eigentlege grunnen til denne nauda, veit vi ikkje noko sikkert om.

### **1589.**

Det gjekk ikkje mange år så hadde vi eit uår att. Vi har ikkje korntiend for 1589, så vi kan ikkje vurdere avlingane for det året. Men Sverre Steen seier: «Så dårlig som jordene ennå var stelt, var uår ikke sjeldan. De rammet dels hele landet slik som svartåret 1589 og 1601-1603, dels store strøk. Da måtte barken erstatte mel igjen, det var vanskelig å få kjøpt korn, fordi uår samtidig herjet Vest-Europa og korntilførselen stanset. I det store dyre året 1601-1603 kostet en skjeppe korn (17,37 liter) 4 daler, hvis del var å få». Vi kan tippe på at ein daler den gongen hadde same kjøpekraft som om lag kr. 200,- no.

### **1601-1603.**

Av dei uåra som vi hadde sist på 1500-talet og, først på 1600-talet var 1601 og 1602 dei verste. I 1601 kom snøfallet ved Oslokleitet. På flatbygdene i Trøndelag gjekk snøen opp til knes. Vinteren 1599/1600 fraus fjordane på Vestlandet til og Østersjøen la seg så ein kunne kjøre frå Sverige til Tyskland.

I sokneprest Lauritz Rasch Rødøy sine notatar, prenta i Norske Samlinger s. 494 står det: «Anno 1601 var et forskrækkelig Frostaar, saa at Sæd-Frugt over det ganske Nordland og Trondhiemslaget bortfrøs - slett og aldeles, og Fiskeriet slog feil». Den samme presten seier om 1610 at det var «et stort frostår over al Nordenlandene».

No skulle ein tru at når det var eit godt år for jordbruket og eit godt kornår i Hålogaland, skulle alt vere bra. Slik var det ikkje. Vi må hugse på at frå Malangen og nordover var det praktisk talt inga korndyrking. Mange stader og serleg i Finnmark var husdyrbruket lite utvikla. Så nokon medskøyt kunne ein ikkje vente frå den kanten heller.

I denne tida rekne dei med at ein måtte ha 180 kg. matkorn pr. individ dersom ein skulle vere velberga. No kan vi rekne med at det t.d. i Senja vart dyrka - år om anna - 13 kg pr. individ og på Helgeland 26 kg. pr. individ. Når det no ikkje var tilført landsdelen det som vanta, skilnaden mellom produksjonen og forbruket, måtte det bli sveitihel. Eit godt år mildna nauda, men stansa ho ikkje. For dei som

\* ) Den 16/2 1602 gav Kristian IV 4 kjøpmenn i København løyve til å føre inn 1000 tynner korn til Levanger. Dette kornet skulle deles ut til folket i Jämtland.

sat på store og gode gardar hadde det svært mykje å seie at det vart eit godt år. Men det var ikkje alle som sat på slike gardar.

Når vi er komne så langt at vi får tak i korntiendrekneskapane for Hålogaland for 1611 og frametter til 1726 for Salten og 1745 for Senja, har vi materiale til å vurdere meir sikkert både ver, vind, gode og därlege år.

Desse rekneskapa fortel oss kor mykje tiendkorn det er levert år om anna til futane. Denne leveringa fortel oss samstundes - i grove drag - korleis veret har vore. I gode år vart det levert mykje korn, i därlege år lite og i uår ingen ting. Denne svinginga i mengda av tiendkorn var det veret som for det meste laga. Men vi bør i alle fall vere merksam på at krig og ufred, mangel på såkorn, sjukdom og pest kan ha verka på utslaget eller mengda av tiendkorn. I første halvparten av 1600-talet hadde vi frå 1618 til 1648 trettiårskrigen. Opp i denne krigen fekk vi Hannibalstriden frå 1644 og 1645. Og i 1650-åra hadde vi to krigar 1657-1660. Desse to krigane vart endeleg avgjort med freden i Køpenhamn. Danskekongane hadde ei vedunderleg evne til å rote seg sjølv og dermed oss og opp i krig og elende. Det er urimeleg å tru at alt dette skulle gå framom oss utan spor av verknad. Men ser vi no på den grafiske oppstillinga av kornavlingane for første halvparten av 1600-talet, vil vi sjå at kvotene over avlingane for dei ymse futedøma svingar heilt i takt - det er eit stort samsvar mellom kvotene. Dette tyder avgjort på at det er ein stor faktor som har verka, og denne faktoren kan ikkje vere nokon annan enn temperaturen og nedbøren d.v.s. verlaget.

### **1611-1619.**

Frå 1611 til og med 1619 hadde vi ein bok med därlege kornår i Hålogaland. I desse 9 åra var det i Senja levert inn berre omlag halvparten av det tiendkornet vi kan rekne for eit medelsår. Åra 1615/16 og 17 var for det meste berre uår. I desse tre åra var det i Senja levert inn om lag 20 % av det som var vanleg i normale år. I dei same tre åra hadde Vesterålen og Lofoten grønår. Det vart betalt inn litt tiendkorn i Vesterålen i 1615. For den same perioden har vi tiendeoppgåve frå Salten for 8 år. 16 av desse 8 åra var korntienda mindre enn normalt. Vi kan rekne med om lag 73 % av eit medelsår - for heile perioden. For Helgeland har vi oppgåve for alle 9 åra, og i 7 av desse må avlingane ha vore mindre enn normalt. Her kan vi rekne med om lag 77 % av eit medelsår. Dette var ein relativ lang bok med därlege avlingar og därleg voksterver.

**1620-1629.**

No får vi ein 10-årsbolk med mange og gode kornår, dei 10 feite år. I alle desse 10 åra er det ikkje eit einaste år at kornavlinga i Senja kan ha vore under eit medelsår. Vi kan rekne med at kornavlingane har lege bortimot 40 % over eit medelsår. Det er ikkje tvil om at vi i desse 10 åra har hatt «godt og tjenligt veir», som det heiter. I Salten, Vesterålen og Helgeland var det berre i eitt år i denne 10-årsbolken at avlinga har vore mindre enn eit medelsår. Det er berre eitt år at det er betalt inn mindre tiendkorn enn normalt. I Salten kan vi setje avlingane til om lag 20 og i Helgeland 18 % over eit medelsår.

På denne lange strekninga frå Helglandsflesa og til Malangen, om lag 540 km. i luftlinje, er det sjølvsgått at det år om anna, og på ymse stader, har vore avvik som ikkje er komne fram her. Men korntienda er eit godt materiale til å kontrollere og vurdere utsegner i gamle dokument.

Vi skal elles sjå på nokre år i denne perioden.

**1623-1624.**

I Malangen bygdebok står det at 1623 var eit uår. For korndyrkinga var det ikkje uår i Hålogaland i 1623. Etter korntienda for Senja var 1623 eit kronår. At det jamt over i denne 10-årsbolken var gode kornår i Hålogaland stemmer og med dei resultata som Trygve Lysaker kom til i Trondenes Bygdebok B. IV s. 176.

**1625-1626.**

Lauritz Rasch seier i dei oppteikningane som vi har nemnt at «1625 var en gandske vaad Sommer og Høst saa Kornet og (Gresset?) blev mesteparten fordærved». Om 1626 er det opplyst at det var stor dyrtid i Nordland. 1 td. korn kostar 5 våger fisk eller 2 1/2 riksdaaler. (Alstahaug Kanikegjeld s. 70). Dette kan stemme så nokonlunde, for korntienda var det året mindre i Helgeland enn for eit medelsår.

Sjå elles «Korndyrkinga i Hålogaland i gammal tid» s. 67.

**1629.**

Om tilstandet i 1629 seier Sverre Steen: «Året 1629 ble uår så folk døde av sult og kongen måtte appellere til privat godgjørenhet, ja selv yde hjelp for å lindre nøden». For jordbruksdelen i Hålogaland er det uråd å sjå at 1629 var eit uår - kva som no elles kan ha hendt. Etter korntienda skulle kornavlingane ha lege over eit medelsår. For Helgeland må det ha vore bortimot eit kronår, eller om lag 24 % over eit medelsår. Men her må vi vere merksam på at mange andre ting kjem til. Det er nemnt før at ein måtte ha om lag 180 kg. matkorn dersom ein skulle vere

velberga. Vi kan vidare rekne med at dei jamt over dyrka 13 kg pr. individ i Senja og 26 kg. i Helgeland. Resten av matkornet måtte dei føre inn skulle dei ikkje svelte. Så kjem 30-årskrigen. Han stengde praktisk talt all tilførsel, i alle fall frå Tyskland, som var den viktigaste marknaden for Nord-Noreg for byttehandel med mjøl og fisk. Tyskland var ei einaste slagmark.

Det hadde ikkje matkorn til seg sjølv. Det må vere klårt at sjølv om vi hadde eit etter måten godt kornår i Hålogaland måtte det bli svolt når tilførsla vart korka att. Men dette førte til at kornprisane steig uhørveleg og fiskeprisane datt ned i ingen ting. Det måtte bli dyrtid.

#### **1630-1640.**

Dei gode åringane - dei 10 feite åra - er omme. No går vi inn i ein svært lang og tung tidfolk soni rekkr for det meste gjennom 1630 og 1640-åra. Vinteren 1630/31 var det stor naud i Finnmark, og folk svalt i hel. Lensherren i Bergen stemnde bergensarane til å møte på tinga i Finnmark. Dei skulle stå til rettes for gjerningane sine. Truleg har det vore total svikt i tilførsla av levnetsmedel. Uåra i denne tidbolken sette først inn i Senja, og så kom dei hine futedøma i tur og orden. I 1632 var det heilt slutt med dei gode åra frå 1620-åra. 1633 var praktisk talt grønår for Senja, Vesterålen, Lofoten og Salten. Salten som var eit relativt godt korndistrikt leverte berre om lag 10 % av normal komtiend. Og uåra heldt fram.

1634 og 1635 var og svært därlege år. I Senja var det berre Sand, Astafjord og Dyrøy som betalte litt tiendkorn. Vesterålen og Lofoten hadde praktisk talt grønår. I Vesterålen var det berre Hadsel som betalte litt tiendkorn. Grønåra hong som perler på ei snor. 1638 var absolutt grønår for Senja, Lofoten og Vesterålen og praktisk talt for Salten og. For Helgeland var det levert inn om lag halvparten av normal korntiend.

Når vi får desse uversbolkane med to til tre uår i slengen, viser det seg at svikten i avlingane ikkje berre skriv seg frå därleg ver, men at det og kan kome av svikt på såkorn i det siste eller dei to siste åra. Desse uåra som vi no har registrert i Hålogaland i 1630-åra var merkbare i andre deler av landet òg. I Bygdeboka for Stod i Nord-Trøndelag har konservator Nordgård ført opp 1635 og 1638 som grønår.

#### **1638-1639.**

I Senja var 1638 eit totalt grønår. Likeins var det i Vesterålen og Lofoten. For Salten har vi ikkje tiendoppgåve for 1638. Men at det var

eit dårleg kornår for Salten kan vi gå ut frå som sikkert. På Helgeland var avlingane berre halvparten av eit normalår.

For Vesterålen, Lofoten og Helgeland har vi ikkje tiendoppgåve for 1639. For Senja var det betalt inn om lag halvparten av eit normalår, 1640.

#### **1640.**

Dette året var og eit dårleg kornår. I Senja var avlingane berre litt over ein fjerdepart av eit normalår. (Korndyrkinga i Hålogaland i gammal tid s. 30). Ein må rekne med at 1640 praktisk talt var grønår både i Vesterålen og Lofoten. I Salten og på Helgeland var avlingane om lag tre fjerdepartar av eit medelsår.

#### **1641.**

For Senja futedøme kan vi rekne med at 1641 praktisk talt var eit grønår. Det er berre Kvæfjord, Sand, Dyrøy og Astafjord som betalte litt tiendekorn, og det var i alt om lag 10 % av eit normalår. Vi har ingen oppgåve for Vesterålen og Lofoten, så vi gjer rettast i å rekne med at det båe stadene var grønår. Det finst heller ikkje oppgåve over tiendekornet for Helgeland. For Salten var avlinga vel 20 % av eit medelsår. I bygdeboka for Stod er 1641 og 1643 ført opp som grønår. Det er derfor rimelig å gå ut frå at det var like eins på Helgeland.

#### **1644.**

For dette året vantar vi tiendeoppgåve for heile Hålogaland. Men M. Jakobsen seier i «Alstahaug Kanikegjeld» at i 1644 vart ikkje kornet moge i Nordland, kor han no har vore henne etter det.

#### **1645.**

I det store og heile var 1645 eit dårleg kornår for Senja. Avlingane var berre vel ein tredjepart av eit medelsår. For dette året har vi heller ikkje oppgåve over tiendekornet frå Vesterålen, Lofoten og Helgeland. Men i Salten må kornavlingane ha vore noko under eit medelsår. Etter opplysninga i «Alstahaug Kanikegjeld» s. 71 skulle både 1645 og 1651 vere godt kornår. Som vi ser så har både 1630 og 1640-åra i det store og heile vore dårlege kornår. Korleis høyavlingane har vore, veit vi ingen ting om. Vi kan ikkje gå ut frå at det alltid var dårlege høyår når det var dårlege kornår. Vi veit heller ikkje korleis høyavlingane har verka inn på husdyrbruket. Men dårlege høyår gav eit veikt husdyrbruk, og eit veikt og dårleg husdyrbruk skaper og eit dårleg livbergingsgrunnlag for folket. Kjeldene gjev inga oplysning om desse ting. Det vi kan slutte oss til er at det i 1630 og 1640-åra må ha vore vanskelege tider både for folk og fe. Korleis stillinga var i 1650-åra har eg ikkje materiale

til å vurdere. Vi har ikkje korntiendoppgåve frå 50-åra. Vi finn først att tråden i 1661.

#### **1661.**

For heile Hålogaland var 1661 eit meir enn vanleg godt kornår. I alle futedøma var det betalt inn meir tiendkom enn vanleg. Dersom vi sett medelavlinga - medeltalet av det tiendkorn som er betalt inn på 1600-talet - til 100, så var medelavlinga for Helgeland 130.

Vi kjem no inn i ein tidbolk der det er store sprang mellom kvar gong vi finn komtiendoppgåve.

#### **1664.**

Kornavlingane var jamt over därleg i Senja i 1664. Vi kan snaut rekne med meir enn halv avling; av eit medelsår. For Vesterålen har avlinga truleg vore bortimot medels. Men Salten ser ut til å ha hatt eit svært godt år, om lag som 100 : 130. Vi har inga oppgåve for Helgeland, men vi kan gå ut frå at når det var eit så godt år i Salten så var det i alle fall eit bra år på Helgeland òg.

#### **1665.**

Vi veit lite eller ingen ting om veret og vokstervilkåra for Senja og Vesterålen for 1665. Korntiendrekneskapen for dei to futedøma for det året er kome bort. I Lofoten var det svært stor avlingar. Det kan snaut vere tvil om at det har vore ein god sommar. Salten hadde òg svært store kornavlingar (100 : 141). Vi kan og rekne som sikkert at det var eit godt kornår på Helgeland i 1665. Alt i alt må det i 1661, 1664, 1665 ha vore kronår i Hålogaland.

#### **1670-åra.**

Vi har ikkje oppgåver over trendkornet for Hålogaland for 1670-åra med unnatak av Lofoten og Helgeland for 1679. Eg har heller ikkje andre stader komme over opplysningar som kan fortelje meg noko om vokstervilkåra og om veret i denne 10-årsbolken.

Frå bygdeboka for Stod i Nord-Trøndelag veit vi at 1670 var eit godt år. Det er ikkje urimeleg å gå ut frå at det har vore eit bra år for Helgeland òg i 1670.

#### **1673-1675.**

Desse to åra er skildra som harde år i gardshistoria for Åfjord og Jøssund i Uttrøndelagen. Men det er ikkje heilt sikkert at åringane var like eins i Hålogaland, og serleg i den nordste parten.

**1676.**

Om 1676 og 1679 skriv dr. Oscar Alb. Johnsen i Norges historie. B. V. 1 s. 78: «Heller ikke herskede der under Gyldenløvefeiden en sådan mangel på levnetsmidler som i tiden under og nærmest etter forrige krig, thi dels var årene 1676-1679 gode kornår, dels blev der indført korn og mel i rimelige mængder fra de Britiske Øer». Dette skulle stadfeste det synet som er hevd at dersom tilførsla vart korka att, vart det naud og svolt for mange, sjølv om det var eit godt kornår i Hålogaland.

**1679.**

For Hålogaland har vi berre tiendoppgåve frå 1679 for Lofoten og Helgeland. Etter tiendkomrekneskapane er det ingen tvil om at det jamt over må ha vore eit godt kornår i Hålogaland. For Lofoten kan vi setje avlinga som 100 : 161 i høve til eit normalår og for Helgeland som 100 : 117. Når det var eit godt kornår i Lofoten er det grunn til å rekne med at det var eit godt år for heile Hålogaland.

**1680.**

Dette året var eit mindre godt år for Senja. Etter komtienda må avlingane ha vore som 100 : 72. Men i Vesterålen ser det ut til å ha vore eit svært godt år, som 100 : 147. Vi kan rekne med at somme strok i Senja var meire frostkjende enn Vesterålen og det kan og ha vore ein tidlegare vår i Vesterålen enn jamt over i Senja. Dette kan ha gjort at kornavlingane var så relativt store i Vesterålen mot i Senja.

I tida frå 1681 til og med 1694 har vi ein periode med mange gode kornår. Vi har ikkje oppgåver for alle åra og for alle futedøma i denne tidbolken, men vi har så mange at ein snaut kan ta feil av dei store draga i tilstanden. Det har vore ein godversbolk.

**1681-1694.**

I tida 1681-1694 har vi tiendoppgåver for 9 år for Senja. Ikkje i eit einaste år er det levert inn mindre tiendkorn enn det vi kan rekne for eit medelsår. Avlingane var ofte i denne tida svært store. Den største avlinga som vi har funne i Senja på 1600-talet er i 1694. Går vi ut frå ei medelavling på 1600-talet på 62.000 kg - avrunna tal for tiendpliktige bruk (eit medel av den komtienda som er betalt inn i 44 år i alt) så var kornavlinga i 1694 180.360,- kg. Det som er sikkert er, at det har vore mykje godt og lageleg ver. Gode åringar. Men desse høge avlingstala for 1694 kan og skrive seg frå at talet på kornbruk har auka ikkje så lite på slutten av 1600-talet. Avlingstala for det nemnde året treng ikkje å vere berre eit utslag av gode vokstervilkår, men dei kan og vere eit teikn

på at folketalet og brukstalet har auka. Ein bør heller ikkje sjå bort frå at ein betre jordkultur kan ha verka saman med alt det andre.

I Vesterålen var stillinga om lag som i Senja. Frå 1680 til og med 1693 har vi tiendoppgåver for 7 år. I alle desse åra ligg avlingane langt over det vi hittil har rekna for medelavling.

For Lofoten har vi ikkje oppgåver frå denne tidbolken. Men for Salten har vi oppgåver frå og med 1681 og til og med 1687 - i alt 6 avlingsår. I alle desse åra ligg avlinga over eit medelsår. Til eit medelsår har vi rekna medelavlinga av 10 år til 214.139,- kg. (Sjå «Kordyrkinga i Hålogaland i gammal tid» s. 53. Den utrekna totalavlinga var i 1684 330.683,- kg.)

For Helgeland har vi frå og med 1681 til og med 1687 i alt 5 avlingsår. Jamt over var det svært store avlingar. Når vi sett medeltalet av 36 avlingsår for 1600-talet til 100, så var medelavlinga for dei nemnde fem åra 137. Ein går ut frå at dei same faktorane som vi nemnde under Senja og som kan ha vore med og skapt dei store avlingstala på slutten av 1600-talet har vore verksame både i Salten og Helgeland.

I bygdeboka for Åfjord og Jøssund er det opplyst at 1685 og 1687 var harde år. Dette stemmer ikkje med det vi er komne til for Hålogaland. Dei to nemnde åra må ha vore gode år for jordbrukskunsten i Hålogaland, det tyder korntienda på. Men det kan ha vore harde tider på annan måte som ikkje går fram av korntienderekneskapn.

For Stod i Nord-Trøndelag og for Åfjord og Jøssund i Sør-Trøndelag er 1691 og 1693 ført opp som «skinår, sult og sykdom». Vekstkurva for gran i Trøndelag viser maksimum. Det ser ut til at det har vore varmt og tort og at det dårlege året skriv seg frå at åkrane og jorda er blitt avsvidd.

Vi kan ikkje avgjere korleis vilkåra var på Helgeland og i Salten. Men når tørken har skadesvidd bygder både i Sør- og Nord-Trøndelag er det ikkje utruleg at Helgeland kan ha fått noko av det same. Men tørken har ikkje nådd så langt nord som til Vesterålen og Senja, for i både desse åra er det relativt store avlingar i både futedøma.

### 1695.

Eg har ikkje kome over materiale som kan hjelpe meg til å klårlegge vokstervilkåra i Hålogaland for 1695. I bygdeboka for Åfjord og Jøssund, seier lektor Hansen at 1695 var «det store froståret» og at det var misvekst både vest- og nordafjells. Når det var storår, vart dei fleste landslutene dregne med. Då kunne uåra spenne om heile landet.

Etter 1694 kjem tiendeoppgåvene bort for oss. Det er ingen ting i

Riksarkivet for resten av 1600-talet. Men i 1714 finn vi att tråden for Salten. Men alt i 1725 tek ein til å pakte bort korntienda, så vi kan ikkje følgje svingingane i korntienda frå til år. For Helgeland har vi ikkje korntiendi i det heile for 1700-talet. Korntienda er alt pakta bort.

### **1700-1730.**

Korleis kornavlingane var dei første åra på 1700-talet har eg ikkje materiale til å avgjere. Men etter oppgåve frå Trøndelag skulle både 1705 og 1708 vere kleine år. Ser vi så på korntienda for Senja, så kan vi seie at i det store og heile så var 1714 til og med 1717 jamt over medels år. Men no og då med litt umoge og frostskadd korn. 1718 var i det minste eit dårleg kornår, og med mykje frostskadd korn. Etter tiendekornet var 1719 eit godt, år. Men 1720 var eit dårleg kornår og med mykje umoge og frostskadd korn. 1721/1722 var i det store og heile medelsår og 1723/1724 må ha vore noko betre. 1725 må ha vore eit bra år. Det er i tienderekneskapen ikkje sagt frå om at det har vore eit dårleg år. Men 1726, 1727 og 1728 var dårlege år, men ikkje grønår i vanleg meinings. Somme gonger er det opplyst at grunnen til at det vart eit slikt dårleg år, var at det vart ein svært sein vår. Så kjem det år med svær nedbør som øydedla avlinga, og så kom snøen og frosten så tidleg at avlingane vart skadde og at mowinga stansa heilt. Til alt dette kjem så innbergingsvanskane. Kornet vart kjørt i hus mest det var rått, det gjekk varme i loa og dermed var avlinga øydelagt. For Senja har eg ikkje funne merknad av noko slag når det gjeld kornavlinga i 1729. Her er det berre gjeve opp dei terre tala.

Når det gjeld Salten så ser det ut til, etter det vi finn nedskreve i tienderekneskapane, at stoda der var verre enn i Senja. Vi hadde ikkje korntiendrekneskap for Salten frå 1687 og til 1714. For Salten finn vi det same som for Senja at 1714, 1715 og 1716 var relativt gode år. Men frå og med 1717 til og med 1720 ligg avlingane under dei tre nemnde åra. Og 1718 er skildra som eit stort uår. Det er og opplyst at det i 1718 var for lite såkorn. Kornet i 1717 var dårleg moge, og våren 1718 var kald og sein, snøen kom tidleg om hausten og låg i over 4 veker før ein fekk inn kornet. Den seine våren gjorde at det vart svær bunaud «huor ofer en stor del af deris kreaturer styrtet». Futane hadde ikkje ord på seg for å vere blauthjarta, men rett som det er skriv futen noko slikt i tienderekneskapen at han «bad Gud hjelpe dem saasom mange iblant dem der eide iche brød eller sul til jul at æde». Det ser ut til at tida frå 1721 til og med 1725 har vore bra år. Det er i alle fall ingen merknad i rekneskapane.

I denne tidbolken på 11-12 år har det vore mykje ulageleg ver, seine vårar, lite med såkorn, mykje regn, tidleg snø og frost i samband med därleg bergingsver. Sjølv om det ikkje har vore totale grønår, har avlingane vore heller små og med skadd korn.

Som døme på opplysningsar som vi finn i tienderekneskapane kan eg nemne:

1. *Baltestad og Gisund fjerring*. Høsttinget paa Vang 17/11 1726:

«Belangende kornet i sig self da er nesten alt her i tingstedet meget slet gandske bortfrosen formedelst den megen overfaldende regn og den derpaat fulgte frost førend det blev opskaaren saa at det iche kom til Maturitet, mens maa mest udi halmen gives til creaturene, og det som udtrøsches kand iche bruges til almuens underhold videre end at menges blant andet mel og bages til brød».

2. *Dyrøy fjerdig* 1726: «Bortfrosen korn og slet ost».

*Kvæfjord fjerdig*: «Havren havde taget skade av regn og var iche kommen til sin fulde vert».

3. *Kvæfjord fjerdig*. Indre-gaare 25./11 1727: «lidet korn er falden og tvende jægter fra Bergen endnu iche var hjemb kommen».

4. *Sand fjerdig*, Røkenes 29/11 1727:

«Og som almuen klagede sig her paa tinget over den slette kornvext, som dette aar har været, saa at de fleste iche viste sig til livets op hold - vinteren over foruden at seuv (sju) jægter her fra sennien endnu fra Bergen iche var hjembkommen, „hvorfra de kunde faa hjelp». Om lag dei same klagane hører vi frå Astafjord og Fauske våg fjerdig for 1727.

5. *Fauskevåg fjerdig*, Søevig 29/11 1728:

«Og kand vi saavelsom at det alle mand her i tingstedet, er Gud bedre os noch bekjendt, at Gud dette aar har borttaget kornvexten for os, saa at iche allene det lidet eller intet falden efter sæden, mens det lille der falt blev formedelst dend overflødige regn, og der paa de fleste stæder efterfølgende frost bedervet, saa der er lidet eller intet mad og kraft der udi».

Når vi mista korntienda som vurderingsrunnlag for kornavlingane og verlaget, har vi berre ymse meldingar å halde oss til. Av biskop Hagerup si visitasmelding frå mai 1739 får vi greie på at 1730-åra har vore vanskelege år her oppe. I denne meldinga seier biskopen, at samane i Laksefjord ikkje har hatt brød eller mjøl sidan adventa. Dei var så utarma av svolt at dei kunne ikkje møte til visitasen for dei kunne ikkje gå, langt mindre ro.

Om tilstanden i Karlsøy i Troms seier bispen at der er det svær fattigdom, og fisket hadde slege feil i to år på rad.

Presten i Røst og Værøy varslar bispen om at soknefolket hans ikkje kan komme til Buksnes på visitas av mangel på brød og båtar.

Opp i alt dette fekk vi så ei ny rekkje uår, nemleg 1740-1741 og 1742. «De store fremstøt (av isbreane) i Norge i første halvdel av 1700 årene henger åpenbart sammen med en forverring av klimaet like før breene nådde sitt maksimum, somrene var så kalde og våte at kornet ikke ble modent i tre år i trekk. Grønnårene 1740, 1741, 1742. Det ble hundersnød i Norge; folkemengden gikk tilbake med 30.000 mennesker». (Werner Werenskiold).

(*Framhald*).